



Det samfunnsvitenskaplege fakultet  
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet  
Det medisinske fakultet  
Det humanistiske fakultet  
Det juridiske fakultet  
Det psykologiske fakultet  
Fakultet for kunst, musikk og design

Referanse

2023/-HEBJ

Dato

07.12.2023

## Utlysing Erasmus+ Global Mobilitet 2024-2027

Europakommisjonen og HK-DIR har lyst ut Erasmus+ Key Action 171. Utlysinga opnar for søknad om midlar til mobilitetstiltaket Erasmus+ Global Mobilitet (Mobility of higher education students and staff supported by external policy funds) for perioden august 2024 - juli 2027.

Vi vil særskilt trekke fram følgande i utlysinga:

- Det skal søkast om mobilitetsmidlar til regionar, og ikkje til land. Samstundes skal ein liste opp land og institusjonar ein vil samarbeide med, og vise korleis midlane fordeler seg per partnerinstitusjon.
- Programmet opnar for å søke om mobilitetsmidlar til studentar (studiar eller praksis) på BA, Master eller PhD-nivå eller til tilsette for undervisnings- eller praksisopphald.
- Mobilitet på PhD-nivået er gjort meir fleksibelt når det gjeld stipendperiodar.
- Søknaden har ein fellesdel «Quality of project design and cooperation arrangements» som vil vere felles for alle regionane ein søker om midlar til.
- For kvar region skal det svarast på spørsmåla «Relevance of the Strategy» og Impact and dissemination»
- EU-kommisjonen ber institusjonane også legge til grunn EU sin strategi for inkludering og diversitet i erasmussamarbeidet (vedlegg)

Elles viser vi til Erasmus+ Programme Guide 2023 s 62-74 og til [HK-DIR og deira nettsider](#).

I 2023 deltok fem fakultet og Studieavdelinga (SA) i søknaden og det vart søkt om mobilitetsmidlar til institusjonar i 13 land. Av desse fekk UiB tildelt 277716€ til prosjekt i landa Albania, Ukraina, Georgia, Azerbaijan, India og Palestina.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Det vil vere positivt om endå fleire fagmiljø i år deltar i UiB-søknaden med aktuelle prosjekt, og SA inviterer fakulteta og interesserte fagmiljø med på informasjonsmøte mandag 8. januar kl 12.15-14.00 på seminarrom E, Studentsenteret. På møtet vil vi gå gjennom programmet og prosessen vidare fram mot ein felles UiB-søknad.

SA legg opp til følgande prosess i søknaden:

08. januar: Informasjonsmøte og førebels innmelding av landprosjekt.

17. januar kl 13.00: Møterom, Internasjonalt senter. Korleis skrive regionprosjekt.

17. januar vil også vere frist for å melde inn prosjekt som skal inngå i UiB sin felles søknad.

12. februar: Frist for forankring av landprosjekt på institutt/fakultet.

12. februar. Frist for innlevering til SA av regionprosjekt til søknaden.

- Søknadsfrist for ordninga er 20. februar 2024. Kvar institusjon skal sende inn ein søknad.
- SA vil koordinere arbeidet med å skrive søknaden til UiB og vil i hovudsak lage tekst til tekstboks «Quality of project design and cooperation arrangements».
- Avdelingane vil skrive tekstane til tekstboksane «Relevance of the Strategy» og «Impact and dissemination» for kvar av regionane som dei søker om mobilitetsmidlar for. Dersom det er fleire fakultet som søker på same region må desse fakulteta saman skrive denne delen av søknaden.

SA minner om at kvar region blir evaluert for seg. Dersom det blir søkt om midlar til ulike mobilitetsprosjekt/land i same region så vil prosjekt som er mindre godt begrunna trekke ned i forhold til prosjekt som har ein god begrunnelse. Spesielt i region 2 (Neighbourhood East – Armenia, Azerbaijan, Belarus, Georgia, Moldova og Ukraina) og region 9 (Sub-Saharan Africa) veit vi av erfaring at det vil vere stor konkurranse. SA vil i dette arbeidet vurdere om enkelte landprosjekt bør utelatast frå søknaden.

Tildelte midlar vil seinare bli administrert av Studieavdelinga på same måte som andre erasmusmidlar.

HK-Dir har enno ikkje publisert kor mykje midlar som blir utlyst for dei for dei ulike regionane, men dette vil i løpet av desember bli publisert på HK-Dir sine nettsider.

Vi legg derfor ved budsjettet for 2023. Det er å forvente at budsjettet for 2024 i stor grad vil spegle budsjettet for året før.

Med venleg helsing

Christen Soleim  
Avdelingsdirektør

Nina Gry Stein  
seksjonsleiar